

Osterøy Turlag

Osterøy kommune

Oppmoding om kommunal overtaking av naust til Arna Eiendom i Lonevåg, gnr. 76 bnr. 4.

Osterøy Turlag fekk for ei tid tilbake tilbod frå Arne Eiendom om å overta deira naust i Lonevågen. Naustet høver godt til turlaget sitt tradisjonsbåt-prosjekt ved at det ligg i gangavstand frå skulane. Dette gjer det enklare for skulane å nytta tilboden om å læra elevane å ro.

Turlaget vil oppmoda kommunen om å kjøpa naustet. Med kommunen som eigar får ein same løysing som ein har for Tirevollsnaustet ved at kommunen eig sjølve naustet og turlaget har båtar, utstyr og fører tilsyn. Robåtprosjektet er avhengig av eit naust som er romsleg nok for dei to seksæringane med utstyr. Det må vera plass for elevane å ta på og hengja frå seg redningsutstyr.

Det vil ha stor verdi for kommunen å sikra offentleg eigarskap til denne sentrumsnære sjøtomta for fremtida. Området ved naustet er ein god badeplass. Å gjere strandsona tilgjengeleg for vanlege folk er viktig.

Avtalt kjøpesum er kr 600.000.

Dei innkjøpte to seksæringane er laga ved Oselvarverkstaden, 6,70 m lange og 1,75 breie.

Mål naust og tomt:

Lengde naust: 10 m

Breidde innvendig 3,4 m, siderom 1,75

Høyde under bjelkelag: 2,8 m

Kailengde: 20 m

Tomt, samla areal: 2,3 mål

Vedlagte programnotat for robåtprosjektet opplyser om bakgrunn og føremål med robåtprosjekt som kystkultur- og aktiviseringstiltak.

Lonevåg, 18.09.2023

Med helsing frå Osterøy Turlag

Trond Lillejord
styreleiar